**UNIVERSITETET I BERGEN**
Det matematisk-naturvitskaplege fakultet

| | |
|---|---|
| Arkivkode: | Orienteringssak: **b** |
| Saksnr.: 2015/3180-MALRØ | Møte: 7. mai 2015 |

# Rekneskapsrapport per mars 2015

## 1 Hovudtal

MN-fakultetet har eit kostnadsbudsjett på totalt 996 millionar kroner i 2015. 61,9 % av denne aktiviteten skal finansierast frå grunnbevilgninga, medan 38,1 % er bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (24,6 % forskingsrådet, 9,6 % annan bidragsaktivitet, 3,4 % EU og 0,5 % oppdragsaktivitet).

**Figur 1 Årsbudsjett per finansieringskjelde**




**Figur 2 Aktivitet (kostnadar) per mars**




Figur 2 viser korleis aktiviteten (kostnadane) fordeler seg mellom dei ulike finansieringskjeldene per mars 2015. 62,7 % av aktiviteten er finansiert av grunnbevilgninga, 21,5 % er finansiert av forskingsrådet, 9,8 % frå andre bidragsytarar, 5,9 % frå EU og 0,1 % frå oppdragsytarar.

## 2 Grunnbevilgning (GB)

Grunnbevilgninga er den aktiviteten som er finansiert av Kunnskapsdepartementet (KD) sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget.

GB vert i denne rapporten delt i motpart 00 og motpart 81, og synleggjort i to tabellar;

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane rekneskapsført.
- På motpart 81 vert avskrivingane ved fakultetet rekneskapsført. Her kan vi følgje med på om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivingane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

## 2.1 Grunnbevilgning, motpart 00

GB er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert inntekter som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforsking (som leigeinntekter, refusjonar og liknande) ført her.

**Tabell 1 Grunnbevilgning, motpart 00**

| Grunnbevilgning | Prognose 2015 | Årsbudsjett 2015 | Budsjett pr mars 2015 | Rekneskap pr mars 2015 | Avvik pr mars 2015 | Avvik % | Rekneskap pr mars 2014 | Endring frå mars 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntekter frå KD | | -587 034 000 | -164 417 300 | -164 417 000 | -300 | 0,0 % | -159 778 483 | 2,9 % |
| Andre inntekter | | -14 000 000 | -1 155 000 | -1 668 970 | 513 970 | 44,5 % | -3 934 225 | -57,6 % |
| **Inntekter** | | **-601 034 000** | **-165 572 300** | **-166 085 970** | **513 670** | **0,3 %** | **-163 712 708** | **1,4 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 21 177 200 | 5 934 900 | 1 499 884 | 4 435 016 | 74,7 % | 3 580 037 | -58,1 % |
| Lønskostnadar | | 462 773 400 | 120 851 300 | 120 472 300 | 379 000 | 0,3 % | 114 257 512 | 5,4 % |
| Andre driftskostnadar | | 81 145 800 | 12 107 200 | 10 746 783 | 1 360 417 | 11,2 % | 11 143 964 | -3,6 % |
| Internhandel med meir | | 51 758 600 | 23 376 200 | 14 122 980 | 9 253 220 | 39,6 % | 22 523 879 | -37,3 % |
| **Kostnadar** | | **616 855 000** | **162 269 600** | **146 841 947** | **15 427 653** | **9,5 %** | **151 505 392** | **-3,1 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **15 821 000** | **-3 302 700** | **-19 244 023** | **15 941 323** | | **-12 207 316** | |
| | | | | | | | | |
| Saldo overført frå forrige år | | -15 821 000 | -15 821 000 | -15 821 475 | 475 | | -28 174 094 | |
| Saldo overført til neste periode | **0** | 0 | 19 123 700 | 35 065 498 | -15 941 798 | | 40 381 410 | |
| | | | | | | | | |
| **Sum total** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

**Inntektsavvik: kr 513 671 (0,3 %)**

Inntektsføring av rekrutteringsstillingar er lagt om. Frå 2015 vert inntektene for rekrutteringsstillingar fordelt etter same periodiseringsnøkkel som annan inntekt frå KD. Kvart halvår vil det bli gjort ei avrekning i forhold til faktisk tilsette årsverk. Eventuell lediggang i rekrutteringsstillingar vil dermed ikkje verte synleg som avvik i inntekter frå KD før etter fyrste halvår 2015. Per mars har fakultetet i snitt lediggang i stipendiatstillingar på 4,6 årsverk.

På andre instituttinntekter er det positivt avvik pga. at fleire av institutta har hatt høgare inntekter enn budsjettert per mars.

**Kostnadsavvik: kr 15 427 653 (9,5 %)**

Det positive kostnadsavviket på ca. 15,4 millionar kroner skuldast i stor grad at investeringane og netto interne kostnadar per mars har vore tydeleg lågare enn budsjettert. Avviket i investeringar skuldast periodeavvik ved Molekylærbiologisk institutt (MBI) og Institutt for geovitenskap (GEO), der det er budsjettert med investeringskostnadar på utstyrsprosjektet i henhaldsvis mars og januar, men foreløpig ikkje gjort innkjøp. Avviket i interne føringar skuldast i stor grad at netto kostnadar på annuum og eigenfinansiering BOA ved Institutt for fysikk og teknologi (IFT) har vore tydeleg lågare enn budsjettert.

Samla sett er avviket i lønnskostnadar på berre 0,3 %, men lønnskostnaden på stipendiat- og postdoktorprosjektet har vore lågare enn budsjettert og kostnaden på annuum og likestillingsprosjektet har vore høgare enn budsjettert. På annuum har lønnskostnad for fast tilsette vore lågare enn budsjettert, medan variable lønnskostnadar (lønn vikarar, ekstrahjelp, bedømming og sensur) og lønn til midlertidig tilsette har vore høgare enn budsjettert.

Andre driftskostnadar har vore lågare enn budsjettert ved IFT og tydeleg høgare enn budsjettert ved GEO, begge grunna periodeavvik.

I høve til same periode i fjor er dei totale kostnadane redusert med 3,1 %, medan lønskostnadane har auka med 5,4 %.

Fakultetet held per mars fast på prognosen om ingen overføringar til 2016 på GB. Overføring frå 2014 var på 15,8 millionar kroner, men fakultetet har forpliktingar i 2015 som overstig overføringane.

Inntektene til Senter for klimadynamikk vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden, slik at eventuelt over- eller underforbruk ikkje vert synleg i fakultetet sitt rekneskap.

## 2.2 Avskrivingar og investeringar (motpart 81)

Avskrivingane er det rekneskapsmessige verdifallet på UiB sine eigedelar. Over tid bør UiB som eit minimum oppretthalde verdien på utstyrsparken.

**Tabell 2 Avskrivingar og investeringar, motpart 81**

| Grunnbevilgning, motpart 81 | Årsbudsjett 2015 | Budsjett pr mars 2015 | Rekneskap pr mars 2015 | Avvik pr mars 2015 | Avvik % | Rekneskap pr mars 2014 | Endring frå mars 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Inntekt satt av for årets investeringar | 21 402 900 | 5 934 900 | 1 499 884 | 4 435 016 | 74,7 % | 3 580 037 | -58,1 % |
| Inntekt for årets avskrivingar | -29 147 900 | -7 564 500 | -10 024 565 | 2 460 065 | 32,5 % | -8 874 890 | 13,0 % |
| **Inntekter motpart 81** | **-7 745 000** | **-1 629 600** | **-8 524 681** | **6 895 081** | **423,1 %** | **-5 294 853** | **61,0 %** |
| | | | | | | | |
| Investeringar, varekostnadar | -21 177 200 | -5 934 900 | -1 499 884 | -4 435 016 | -74,7 % | -3 580 037 | -58,1 % |
| Avskrivingar | 29 147 900 | 7 564 500 | 10 024 565 | -2 460 065 | -32,5 % | 8 874 890 | 13,0 % |
| Investeringar ved BOA, overført til GB | -225 700 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| **Kostnadar motpart 81** | **7 745 000** | **1 629 600** | **8 524 681** | **-6 895 081** | **-423,1 %** | **5 294 853** | **61,0 %** |
| | | | | | | | |
| Resultat | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |

Føringar på motpart 81 viser fakultetet sine totale investeringar og avskrivingar. For at fakultetet skal kunne oppretthalde verdien på utstyrsparken må investeringane vere på same nivå som, eller høgare enn, avskrivingane.

I tabell 2 ser ein at investeringane per mars 2015 har vore på ca. 1,5 millionar kroner, og at investeringane i si heilheit er gjort på grunnbevilgninga.

Avskrivingane har vore ca. 10,0 millionar kroner per mars.

# 3 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)

I tillegg til inntekter frå GB utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd (NFR), EU, andre bidragsytarar og oppdragsgivarar.

**Figur 3 BOA per mars etter finansieringskjelde for perioden 2009-2015**



Figur 3 viser utviklinga i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per mars for perioden 2009-2015. Per mars 2015 har aktiviteten samla sett auka tydeleg samanlikna med same periode i dei to føregåande åra, og aktiviteten har vore nesten på nivå med same periode i 2012.

**Figur 4 BOA per institutt etter finansieringskjelde per mars 2015**




Figur 4 viser bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per mars 2015 fordelt per institutt.

**Figur 5 Overføringar BOA 2012-2015 (utgåande balanse)**




Figur 5 viser overføringar på BOA i perioden 2012-2014, samt prognose for overføring frå 2015 til 2016 per mars. Som figuren viser vart overføringane reduserte i 2014, og ventast å verte ytterlegare reduserte i 2015. Overføring av NFR-midlar ventast derimot å auke.

## 3.1 Noregs forskingsråd (NFR)

Denne aktiviteten omfattar prosjekt som er finansiert av Noregs forskingsråd, og der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).

**Tabell 3 Aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd**

| BOA Noregs forskingsråd | Inntektsprognose 2015 | Årsbudsjett 2015 | Budsjett pr mars 2015 | Rekneskap pr mars 2015 | Avvik pr mars 2015 | Avvik % | Rekneskap pr mars 2014 | Endring frå mars 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskudd fra NFR | -230 000 000 | -230 000 000 | -35 241 000 | -61 925 879 | 26 684 879 | 75,7 % | -52 623 416 | 17,7 % |
| Saldo NFR overført fra forrige år | | -10 308 000 | -10 308 000 | -10 307 555 | -445 | 0,0 % | -28 566 700 | -63,9 % |
| Saldo NFR overført til neste periode | | -4 692 000 | -8 240 600 | 21 838 246 | -30 078 846 | -365,0 % | 39 366 491 | -44,5 % |
| **Inntekter** | **-225 000 000** | **-245 000 000** | **-53 789 600** | **-50 395 187** | **-3 394 413** | **-6,3 %** | **-41 823 625** | **20,5 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 0 | 0 | 11 770 | -11 770 | | 0 | |
| Lønskostnadar | | 85 103 600 | 22 022 600 | 22 764 921 | -742 321 | -3,4 % | 22 150 217 | 2,8 % |
| Andre driftskostnadar | | 85 807 400 | 22 910 500 | 16 815 384 | 6 095 116 | 26,6 % | 8 070 694 | 108,4 % |
| Internhandel med meir | | 74 089 000 | 8 856 500 | 10 803 113 | -1 946 613 | -22,0 % | 11 602 714 | -6,9 % |
| **Kostnadar** | | **245 000 000** | **53 789 600** | **50 395 187** | **3 394 413** | **6,3 %** | **41 823 625** | **20,5 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

NFR-bidragsaktivitet har per mars vore på lågare enn budsjettert, men høgare enn aktiviteten i same periode i fjor. Avviket frå budsjettert aktivitet skuldast hovudsakeleg lågare aktivitet

enn budsjettert ved Kjemisk institutt (KI), men også ved fleire andre institutt har aktiviteten vore lågare enn budsjettert. Avviket ved KI skuldast at innbetaling frå NFR knytt til innkjøp av NMR-maskin vart budsjettert å skulle generere tilsvarande kostnad. Kostnaden for NMR-maskinen vil fyrst bli synleg ved levering, som er venta i 2016. Ved GEO har aktiviteten vore tydeleg høgare enn budsjettert per mars, pga. aktivitet knytt til innkjøp av ROV, som var budsjettert i mai. Det er også hovudsakeleg denne aktiviteten som gjer at aktiviteten per mars er høgare enn i same periode i fjor.

Innbetalingane frå NFR har per mars vore tydeleg høgare enn budsjettert og høgare enn på same tid i fjor. Det er hovudsakeleg ved IFT og GEO at innbetalingane har vore høgare enn budsjettert per mars. IFT ventar at innbetalingane for året sett under eitt vert noko høgare enn budsjettert, medan GEO ventar innbetalingar omtrent som budsjettert. Auken frå same periode i fjor skuldast hovudsakeleg innbetalingar til SFF og nasjonal infrastruktur ved IFT, KI, GEO og Senter for geobiologi (GEOBIO).

Fakultetet ventar per mars at NFR-aktiviteten vert lågare enn budsjettert, medan innbetalingane ventast å verte som budsjettert. KI ventar ikkje levering av NMR-maskin før i 2016. GEO ventar framleis at mesteparten av aktiviteten knytt til innkjøp av nasjonal infrastruktur vil kome i 2015.

## 3.2 EU

Omfattar prosjekt som er finansiert av EU.

**Tabell 4 Aktivitet som er finansiert av EU**

| BOA<br>EU | Inntektsprognose 2015 | Årsbudsjett 2015 | Budsjett pr mars 2015 | Rekneskap pr mars 2015 | Avvik pr mars 2015 | Avvik % | Rekneskap pr mars 2014 | Endring frå mars 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Tilskudd fra EU | -25 000 000 | -32 000 000 | -985 900 | -1 021 841 | 35 941 | 3,6 % | -458 081 | 123,1 % |
| Saldo EU overført fra forrige år | | -31 055 000 | -31 055 000 | -31 054 722 | -278 | 0,0 % | -37 276 077 | -16,7 % |
| Saldo EU overført til neste periode | | 29 555 000 | 21 393 500 | 18 330 495 | 3 063 005 | 14,3 % | 31 946 438 | -42,6 % |
| **Inntekter** | **-33 500 000** | **-33 500 000** | **-10 647 400** | **-13 746 068** | **3 098 668** | **29,1 %** | **-5 787 721** | **137,5 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Lønskostnadar | | 18 761 200 | 5 141 500 | 5 268 642 | -127 142 | -2,5 % | 3 919 254 | 34,4 % |
| Andre driftskostnadar | | 11 829 700 | 4 056 400 | 2 068 192 | 1 988 208 | 49,0 % | 632 734 | 226,9 % |
| Internhandel med meir | | 2 909 100 | 1 449 500 | 6 409 234 | -4 959 734 | -342,2 % | 1 235 733 | 418,7 % |
| **Kostnadar** | | **33 500 000** | **10 647 400** | **13 746 068** | **-3 098 668** | **-29,1 %** | **5 787 721** | **137,5 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

EU-aktiviteten har per mars både vore høgare enn budsjettert aktivitet og aktivitet i same periode i fjor. Grunnen er hovudsakeleg høg aktivitet ved IFT, og instituttet melder at det høge aktivitetsnivået i stor grad skuldast at det er ført frikjøp for tidlegare år. Også ved Institutt for biologi (BIO) har aktiviteten vore høgare enn i same periode i fjor, mykje pga. auka aktivitet knytt til ERC-prosjektet, men grunna periodeavvik er aktiviteten her lågare enn budsjettert per mars.

Innbetalingane frå EU er per mars noko høgare enn budsjettert, og høgare enn på same tid i fjor. Auken finn vi ved BIO, der det kom innbetalingar på to EU-prosjekt i januar.

Fakultetet ventar per mars at aktivitet finansiert av EU vert som budsjettert for 2015, medan innbetalingane ventast å verte noko lågare enn budsjettert. Instituta melder om lågare forventa innbetalingar enn budsjettert, men det er vanskeleg å slå fast når innbetalingane frå EU vil kome.

## 3.3 Annan bidragsaktivitet

Alle eksterne bidragsprosjekt som ikkje er finansiert av Noregs forskingsråd eller EU.

**Tabell 5 Annan bidragsaktivitet**

| BOA<br>Andre bidrag | Inntektsprognose 2015 | Årsbudsjett 2015 | Budsjett pr mars 2015 | Rekneskap pr mars 2015 | Avvik pr mars 2015 | Avvik % | Rekneskap pr mars 2014 | Endring frå mars 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Diverse bidragsinntekter | -80 000 000 | -83 000 000 | -6 829 800 | -9 084 940 | 2 255 140 | 33,0 % | -8 378 266 | 8,4 % |
| Saldo overført fra forrige år | | -44 192 000 | -44 192 000 | -44 191 593 | -407 | 0,0 % | -50 121 540 | -11,8 % |
| Saldo overført til neste periode | | 31 192 000 | 27 635 100 | 30 221 543 | -2 586 443 | -9,4 % | 41 209 992 | -26,7 % |
| **Inntekter** | **-90 000 000** | **-96 000 000** | **-23 386 700** | **-23 054 991** | **-331 709** | **-1,4 %** | **-17 289 814** | **33,3 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Lønskostnadar | | 30 025 800 | 8 928 600 | 9 400 681 | -472 081 | -5,3 % | 8 431 324 | 11,5 % |
| Andre driftskostnadar | | 50 006 400 | 10 226 400 | 8 201 554 | 2 024 846 | 19,8 % | 5 661 308 | 44,9 % |
| Internhandel med meir | | 15 967 800 | 4 231 700 | 5 452 755 | -1 221 055 | -28,9 % | 3 197 182 | 70,5 % |
| **Kostnadar** | | **96 000 000** | **23 386 700** | **23 054 991** | **331 709** | **1,4 %** | **17 289 814** | **33,3 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

Annan bidragsaktivitet har per mars vore omtrent som budsjettert, og høgare enn på same tid i fjor. På instituttnivået er det tydelege avvik frå budsjett. Fleire av institutta har hatt lågare aktivitet enn budsjettert, medan aktiviteten ved IFT har vore tydeleg høgare, pga. høgare aktivitet enn budsjettert på fleire prosjekt. Det er også ved IFT vi finn mesteparten av auken frå 2014, og mykje av auken er knytt til ASIM-prosjektet.

Per mars har innbetalingane frå andre bidragsytarar vore tydeleg høgare enn budsjettert, og noko høgare enn på same tid i fjor. Det er ved IFT at innbetalingane har vore tydeleg høgare enn budsjett, hovudsakeleg grunna innbetalingar frå Bergen forskningsstiftelse (BFS). Fleire av institutta har hatt auke i innbetalingar i denne kategorien, medan Institutt for informatikk (II) har tydeleg reduksjon.

Fakultetet ventar per mars at både aktivitet og innbetalingar i kategorien Andre bidrag vert lågare enn budsjettert. Fleire av institutta melder om lågare forventa aktivitet.

## 3.4 Oppdragsaktivitet

**Tabell 6 Oppdragsaktivitet**

| BOA<br>Oppdragsprosjekt | Prognose 2015 | Årsbudsjett 2015 | Budsjett pr mars 2015 | Rekneskap pr mars 2015 | Avvik pr mars 2015 | Avvik % | Rekneskap pr mars 2014 | Endring frå mars 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Diverse oppdragsinntekter | -3 000 000 | -3 000 000 | -431 000 | -461 700 | 30 700 | 7,1 % | -11 999 | 3747,8 % |
| Saldo overført fra forrige år | | -3 737 000 | -3 737 000 | -3 736 890 | -110 | 0,0 % | -4 363 550 | -14,4 % |
| Saldo overført til neste periode | | 2 237 000 | 3 340 800 | 3 865 382 | -524 582 | -15,7 % | 3 570 243 | 8,3 % |
| **Inntekter** | **-4 500 000** | **-4 500 000** | **-827 200** | **-333 208** | **-493 992** | **-59,7 %** | **-805 306** | **-58,6 %** |
| | | | | | | | | |
| Investeringar | | 0 | 0 | 0 | 0 | | 0 | |
| Lønskostnadar | | 609 000 | 159 000 | 96 769 | 62 231 | 39,1 % | 188 369 | -48,6 % |
| Andre driftskostnadar | | 3 650 000 | 605 200 | 177 779 | 427 421 | 70,6 % | 536 603 | -66,9 % |
| Internhandel med meir | | 241 000 | 63 000 | 58 660 | 4 340 | 6,9 % | 80 335 | -27,0 % |
| **Kostnadar** | | **4 500 000** | **827 200** | **333 208** | **493 992** | **59,7 %** | **805 306** | **-58,6 %** |
| | | | | | | | | |
| **Driftsresultat** | | **0** | **0** | **0** | **0** | | **0** | |

Oppdragsaktiviteten ved fakultetet er låg, og per mars har oppdragsaktiviteten vore tydeleg lågare enn både budsjettert aktivitet og aktiviteten i same periode i fjor. Grunnen er låg aktivitet ved BIO og IFT. BIO melder at aktiviteten ventast å ta seg opp utover i året, medan IFT melder at avviket skuldast korrigering av lønnskostnadar frå 2014.

Innbetalingar frå oppdragsgivarar er per mars høgare enn både budsjetterte innbetalingar og innbetalingar i same periode i fjor.

Fakultetet ventar per mars oppdragsaktivitet og -innbetalingar som budsjettert for 2015.

# 4 Kommentar frå fakultetsdirektøren

Fakultetet ventar per mars framleis ingen overføringar til 2016 på grunnbevilgninga. Overføringa frå 2014 var på 15,8 millionar kroner, men fakultetet overførte også forpliktingar som langt overstig overførte midlar.

Fleire år med rammekutt har gjort at både fakultetsnivået og fleire av institutta har stramme budsjett og overførte underskot frå 2014. Fakultetsleiinga vil ha fokus på å tilpasse aktivitetsnivået til inntektene, men erkjenner at ei slik omstilling tek tid. Dette er bakgrunnen for at det i samband med fordeling av overføringane frå 2014 til institutta, vart gjort justeringar i form av eingangstilskot til institutta tilsvarande 2 % av rammene i 2014, samt netto reduksjon i overføringane for II, IFT og GFI.

God budsjettkontroll på alle nivå gjennom heile året er då spesielt viktig. Arbeidet med å heve kvaliteten på rapporteringa, og herunder prognosane, er eit fokusområde i det pågåande administrasjonsutviklingsprosjektet.

Etter ei lengre periode med fokus på utfordringa knytt til at lediggang i rekrutteringsstillingar fører til reduksjon i inntektene frå KD, hadde fakultetet i 2013 og 2014 ingen inntektsreduksjon knytt til lediggang i desse stillingskategoriane. Per mars 2015 har fakultetet igjen lediggang i stipendiatstillingar, og det ligg an til at lediggangen kan gi inntektsreduksjon for året sett under eitt.

Fakultetet har budsjettert med 379 millionar kroner i BOA-aktivitet i 2015, men held per mars fast på prognosen frå februar på 353 millionar kroner. EU-bidragsaktiviteten og oppdragsaktiviteten ventast altså framleis å verte som budsjettert, medan NFR-bidragsaktiviteten og annan bidragsaktivitet ventast å verte lågare enn budsjettert. Innbetalingane frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet ventast framleis å verte 10 millionar kroner lågare enn budsjetterte innbetalingar på 348 millionar kroner. Med prognose for innbetalingar som er 15 millionar kroner lågare enn aktivitetsprognosen, ventar fakultetet at overføringane på BOA vert reduserte i 2015.

Bergen, 27.4.2015

Elisabeth Müller Lysebo
fakultetsdirektør

Vedlegg: Budsjett og rekneskap pr. mars 2015 pr. institutt

# Grunnbevilgning, budsjett og rekneskap per mars 2015

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2015 | Budsjett per mars | Rekneskap per mars | Avvik per mars |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | -81 325 900 | -28 826 800 | -28 741 985 | -84 815 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 4 323 000 | 327 800 | 485 437 | -157 637 |
| | 6-7 adk. | 63 897 700 | 605 600 | 1 655 271 | -1 049 671 |
| | 8-9 annet | 28 926 200 | 7 722 600 | 6 579 369 | 1 143 231 |
| | 890 overf. | -15 821 000 | 3 302 700 | 19 244 023 | -15 941 323 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **-16 868 100** | **-777 885** | **-16 090 215** |
| **Fakultetsadministrasjonen** | 3 inntekter | -23 787 500 | -6 117 400 | -6 031 349 | -86 051 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 18 963 000 | 5 025 800 | 5 150 813 | -125 013 |
| | 6-7 adk. | 2 739 500 | 309 100 | 362 575 | -53 475 |
| | 8-9 annet | 2 085 000 | 408 900 | 416 312 | -7 412 |
| **Totalt Fakultetsadministrasjonen** | | **0** | **-373 600** | **-101 649** | **-271 951** |
| **Matematisk institutt** | 3 inntekter | -50 192 900 | -12 799 400 | -12 642 740 | -156 660 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 39 628 200 | 10 114 900 | 9 588 463 | 526 437 |
| | 6-7 adk. | 5 592 100 | 2 291 600 | 1 943 471 | 348 129 |
| | 8-9 annet | 4 972 600 | 1 163 000 | 1 367 461 | -204 461 |
| **Totalt Matematisk institutt** | | **0** | **770 100** | **256 655** | **513 445** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | -58 020 300 | -18 837 700 | -20 346 685 | 1 508 985 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 49 072 200 | 11 800 100 | 12 052 323 | -252 223 |
| | 6-7 adk. | -316 400 | 1 613 000 | 2 506 623 | -893 623 |
| | 8-9 annet | 9 264 500 | 1 602 700 | 1 330 885 | 271 815 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **-3 821 900** | **-4 456 854** | **634 954** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -68 352 800 | -19 569 700 | -20 605 876 | 1 036 176 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 54 228 300 | 14 731 700 | 14 816 163 | -84 463 |
| | 6-7 adk. | 3 426 200 | 4 153 500 | 1 369 231 | 2 784 269 |
| | 8-9 annet | 10 698 300 | 2 493 400 | -4 628 179 | 7 121 579 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **1 808 900** | **-9 048 661** | **10 857 561** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | -60 470 400 | -15 491 700 | -15 014 929 | -476 771 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 46 808 200 | 12 973 800 | 13 056 648 | -82 848 |
| | 6-7 adk. | 5 043 000 | 1 459 300 | 1 838 194 | -378 894 |
| | 8-9 annet | 8 619 200 | 2 583 000 | 2 683 408 | -100 408 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **1 524 400** | **2 563 321** | **-1 038 921** |
| **Molekylærbiologisk institutt** | 3 inntekter | -32 457 700 | -6 071 500 | -8 694 202 | 2 622 702 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 29 051 000 | 7 632 000 | 7 621 517 | 10 483 |
| | 6-7 adk. | -403 300 | 1 447 500 | 698 646 | 748 854 |
| | 8-9 annet | 3 810 000 | 1 193 000 | 1 477 966 | -284 966 |
| **Totalt Molekylæbiologisk institutt** | | **0** | **4 201 000** | **1 103 927** | **3 097 073** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -41 540 000 | -10 371 000 | -11 212 684 | 841 684 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 34 988 000 | 9 206 000 | 9 058 875 | 147 125 |
| | 6-7 adk. | 2 825 000 | 1 852 000 | 2 857 739 | -1 005 739 |
| | 8-9 annet | 3 727 000 | 1 821 000 | -826 170 | 2 647 170 |
| **Totalt Geofysisk institutt** | | **0** | **2 508 000** | **-122 239** | **2 630 239** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -77 817 900 | -19 200 900 | -21 095 344 | 1 894 444 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 71 886 000 | 19 314 000 | 18 683 507 | 630 493 |
| | 6-7 adk. | -3 807 100 | 813 000 | 3 033 612 | -2 220 612 |
| | 8-9 annet | 9 739 000 | 2 086 000 | 2 120 768 | -34 768 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **3 012 100** | **2 742 543** | **269 557** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -112 163 200 | -29 242 300 | -29 424 139 | 181 839 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 99 786 700 | 26 177 700 | 26 312 514 | -134 814 |
| | 6-7 adk. | 6 842 600 | 3 253 500 | 2 987 912 | 265 588 |
| | 8-9 annet | 5 533 900 | 1 124 200 | 1 558 082 | -433 882 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **1 313 100** | **1 434 369** | **-121 269** |
| **Senter for geobiologi** | 3 inntekter | -640 800 | -160 200 | -175 960 | 15 760 |
| | 5 lønn | 878 700 | 235 800 | 579 412 | -343 612 |
| | 6-7 adk. | 1 100 800 | 160 200 | 195 063 | -34 863 |
| | 8-9 annet | -1 338 700 | 604 200 | 1 786 923 | -1 182 723 |
| **Totalt Senter for geobiologi** | | **0** | **840 000** | **2 385 439** | **-1 545 439** |
| **Senter for klimadynamikk** | 3 inntekter | -97 600 | -25 800 | -137 258 | 111 458 |
| | 5 lønn | 12 039 100 | 3 002 400 | 2 810 840 | 191 560 |
| | 6-7 adk. | 23 489 900 | 1 713 400 | 1 323 012 | 390 388 |
| | 8-9 annet | -35 431 400 | 338 100 | 239 654 | 98 446 |
| **Totalt Senter for klimadynamikk** | | **0** | **5 028 100** | **4 236 248** | **791 852** |
| **NIFES** | 3 inntekter | -1 912 000 | -487 500 | -487 500 | 0 |
| | 5 lønn | 1 121 000 | 309 300 | 255 787 | 53 513 |
| | 6-7 adk. | -136 300 | 0 | 0 | 0 |
| | 8-9 annet | 927 300 | 236 100 | 16 500 | 219 600 |
| **Totalt NIFES** | | **0** | **57 900** | **-215 213** | **273 113** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Norges forskingsråd, budsjett og rekneskap per mars 2015

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2015 | Budsjett per mars | Rekneskap per mars | Avvik per mars |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | -17 248 800 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 6-7 adk. | -29 751 200 | 0 | 0 | 0 |
| | 8-9 annet | 47 000 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Matematisk institutt** | 3 inntekter | -12 022 000 | -3 155 900 | -3 325 458 | 169 558 |
| | 5 lønn | 8 477 000 | 2 318 700 | 2 218 470 | 100 230 |
| | 6-7 adk. | 1 254 000 | 245 900 | 581 855 | -335 955 |
| | 8-9 annet | 2 291 000 | 591 300 | 525 133 | 66 167 |
| **Totalt Matematisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | -13 338 200 | -2 106 000 | -2 620 989 | 514 989 |
| | 5 lønn | 5 690 000 | 1 174 000 | 1 450 802 | -276 802 |
| | 6-7 adk. | 8 094 200 | 1 181 000 | 237 740 | 943 260 |
| | 8-9 annet | -446 000 | -249 000 | 932 447 | -1 181 447 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -41 441 000 | -11 437 000 | -10 828 060 | -608 940 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 11 770 | -11 770 |
| | 5 lønn | 20 590 000 | 5 906 000 | 5 488 829 | 417 171 |
| | 6-7 adk. | 12 000 000 | 3 000 000 | 1 928 422 | 1 071 578 |
| | 8-9 annet | 8 851 000 | 2 531 000 | 3 399 040 | -868 040 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | -19 211 500 | -9 112 800 | -2 439 888 | -6 672 912 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 7 188 900 | 1 676 500 | 1 434 001 | 242 499 |
| | 6-7 adk. | 8 646 500 | 6 636 700 | 266 117 | 6 370 583 |
| | 8-9 annet | 3 376 100 | 799 600 | 739 770 | 59 830 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Molekylæbiologisk institutt** | 3 inntekter | -5 703 000 | -2 539 000 | -1 849 343 | -689 657 |
| | 5 lønn | 5 301 000 | 1 272 000 | 1 186 768 | 85 232 |
| | 6-7 adk. | 1 342 000 | 375 000 | 151 407 | 223 593 |
| | 8-9 annet | -940 000 | 892 000 | 511 168 | 380 832 |
| **Totalt Molekylæbiologisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -29 215 000 | -6 401 100 | -6 014 689 | -386 411 |
| | 5 lønn | 7 184 000 | 1 970 000 | 2 879 876 | -909 876 |
| | 6-7 adk. | 17 588 000 | 3 461 100 | 1 266 056 | 2 195 044 |
| | 8-9 annet | 4 443 000 | 970 000 | 1 868 757 | -898 757 |
| **Totalt Goefysisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -65 116 000 | -6 700 000 | -15 288 780 | 8 588 780 |
| | 5 lønn | 11 513 000 | 2 962 000 | 3 156 914 | -194 914 |
| | 6-7 adk. | 50 155 000 | 2 851 000 | 10 456 850 | -7 605 850 |
| | 8-9 annet | 3 448 000 | 887 000 | 1 675 016 | -788 016 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -39 102 900 | -11 768 700 | -9 121 919 | -2 646 781 |
| | 5 lønn | 18 379 000 | 4 534 000 | 4 684 716 | -150 716 |
| | 6-7 adk. | 12 481 900 | 4 559 800 | 1 588 110 | 2 971 690 |
| | 8-9 annet | 8 242 000 | 2 674 900 | 2 849 093 | -174 193 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Senter for geobiologi** | 3 inntekter | -2 601 600 | -569 100 | 1 093 938 | -1 663 038 |
| | 5 lønn | 780 700 | 209 400 | 264 546 | -55 146 |
| | 6-7 adk. | 3 997 000 | 600 000 | 338 826 | 261 174 |
| | 8-9 annet | -2 176 100 | -240 300 | -1 697 310 | 1 457 010 |
| **Totalt Senter for geobiologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |

# Andre bidrag, budsjett og rekneskap per mars 2015

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2015 | Budsjett per mars | Rekneskap per mars | Avvik per mars |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | -10 440 200 | -964 100 | -624 518 | -339 582 |
| | 5 lønn | 2 570 600 | 663 500 | 377 572 | 285 928 |
| | 6-7 adk. | 6 055 800 | 133 500 | 79 277 | 54 223 |
| | 8-9 annet | 1 813 800 | 167 100 | 167 669 | -569 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Matematisk institutt** | 3 inntekter | -2 347 700 | -620 200 | -985 558 | 365 358 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 1 548 000 | 405 000 | 511 078 | -106 078 |
| | 6-7 adk. | 151 700 | 51 000 | 260 228 | -209 228 |
| | 8-9 annet | 648 000 | 164 200 | 214 252 | -50 052 |
| **Totalt Matematisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | -3 920 100 | -993 000 | -1 234 928 | 241 928 |
| | 5 lønn | 2 423 000 | 657 000 | 978 602 | -321 602 |
| | 6-7 adk. | 766 000 | 141 000 | 183 156 | -42 156 |
| | 8-9 annet | 731 100 | 195 000 | 73 170 | 121 830 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -8 902 000 | -2 471 300 | -5 547 935 | 3 076 635 |
| | 5 lønn | 4 475 000 | 1 313 000 | 1 575 913 | -262 913 |
| | 6-7 adk. | 2 710 000 | 675 300 | 2 710 003 | -2 034 703 |
| | 8-9 annet | 1 717 000 | 483 000 | 1 262 020 | -779 020 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | -2 555 700 | -675 200 | -487 622 | -187 578 |
| | 5 lønn | 659 000 | 201 800 | 183 644 | 18 156 |
| | 6-7 adk. | 437 000 | 75 000 | 27 538 | 47 462 |
| | 8-9 annet | 1 459 700 | 398 400 | 276 440 | 121 960 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Molekylæbiologisk institutt** | 3 inntekter | -7 923 000 | -2 082 000 | -1 486 021 | -595 979 |
| | 5 lønn | 4 675 000 | 1 317 000 | 1 293 491 | 23 509 |
| | 6-7 adk. | 2 627 000 | 750 000 | 331 149 | 418 851 |
| | 8-9 annet | 621 000 | 15 000 | -138 619 | 153 619 |
| **Totalt Molekylærbiologisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -10 184 000 | -2 416 500 | -1 854 972 | -561 528 |
| | 5 lønn | 1 119 000 | 373 000 | 529 133 | -156 133 |
| | 6-7 adk. | 8 702 000 | 1 909 400 | 1 127 636 | 781 764 |
| | 8-9 annet | 363 000 | 134 100 | 198 203 | -64 103 |
| **Totalt Geofysisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -33 928 000 | -8 419 000 | -7 375 274 | -1 043 726 |
| | 4 varek. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 5 lønn | 9 178 000 | 2 904 000 | 2 935 306 | -31 306 |
| | 6-7 adk. | 21 996 000 | 4 645 000 | 2 809 616 | 1 835 384 |
| | 8-9 annet | 2 754 000 | 870 000 | 1 630 353 | -760 353 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -15 799 300 | -4 745 400 | -3 458 162 | -1 287 238 |
| | 5 lønn | 3 378 200 | 1 094 300 | 1 015 943 | 78 357 |
| | 6-7 adk. | 6 560 900 | 1 846 200 | 672 952 | 1 173 248 |
| | 8-9 annet | 5 860 200 | 1 804 900 | 1 769 268 | 35 632 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Senter for klimadynamikk** | 3 inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | 6-7 adk. | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt Senter for klimadynamikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |

# EU, budsjett og rekneskap per mars 2015

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2015 | Budsjett per mars | Rekneskap per mars | Avvik per mars |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | 1 318 500 | 0 | 0 | 0 |
| | 6-7 adk. | -1 318 500 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Matematisk institutt** | 3 inntekter | -200 000 | -150 000 | -131 977 | -18 023 |
| | 5 lønn | 168 000 | 126 000 | 106 630 | 19 370 |
| | 6-7 adk. | 0 | 0 | 3 351 | -3 351 |
| | 8-9 annet | 32 000 | 24 000 | 21 996 | 2 004 |
| **Totalt Matematisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | -5 629 100 | -1 686 100 | -1 279 250 | -406 850 |
| | 5 lønn | 3 614 000 | 1 065 000 | 862 861 | 202 139 |
| | 6-7 adk. | 905 000 | 225 000 | 72 621 | 152 379 |
| | 8-9 annet | 1 110 100 | 396 100 | 343 768 | 52 332 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -4 242 000 | -798 900 | -4 919 644 | 4 120 744 |
| | 5 lønn | 2 485 000 | 420 000 | 641 716 | -221 716 |
| | 6-7 adk. | 4 903 400 | 1 251 900 | 453 061 | 798 839 |
| | 8-9 annet | -3 146 400 | -873 000 | 3 824 867 | -4 697 867 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Kjemisk institutt** | 3 inntekter | -1 607 900 | -383 500 | -305 618 | -77 882 |
| | 5 lønn | 974 200 | 289 500 | 264 041 | 25 459 |
| | 6-7 adk. | 482 000 | 94 000 | 41 701 | 52 299 |
| | 8-9 annet | 151 700 | 0 | -124 | 124 |
| **Totalt Kjemisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Molekylærbiologisk institutt** | 3 inntekter | 188 000 | 188 000 | -5 669 | 193 669 |
| | 5 lønn | 0 | 0 | 637 | -637 |
| | 6-7 adk. | 0 | 0 | 4 517 | -4 517 |
| | 8-9 annet | -188 000 | -188 000 | 515 | -188 515 |
| **Totalt Molekylærbiologisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -5 920 000 | -2 150 900 | -2 900 686 | 749 786 |
| | 5 lønn | 3 745 000 | 1 490 000 | 1 475 947 | 14 053 |
| | 6-7 adk. | 618 000 | 133 900 | 222 073 | -88 173 |
| | 8-9 annet | 1 557 000 | 527 000 | 1 202 666 | -675 666 |
| **Totalt Geofysisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -8 119 000 | -1 355 000 | -1 810 545 | 455 545 |
| | 5 lønn | 5 854 000 | 1 014 000 | 1 097 095 | -83 095 |
| | 6-7 adk. | 1 506 000 | 38 000 | 584 230 | -546 230 |
| | 8-9 annet | 759 000 | 303 000 | 129 220 | 173 780 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -9 288 500 | -4 311 000 | -2 392 680 | -1 918 320 |
| | 5 lønn | 1 921 000 | 737 000 | 819 715 | -82 715 |
| | 6-7 adk. | 4 733 800 | 2 313 600 | 686 639 | 1 626 961 |
| | 8-9 annet | 2 633 700 | 1 260 400 | 886 326 | 374 074 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |

## Oppdrag, budsjett og rekneskap per mars 2015

| Ansvarsstad | Artsklasse | Årsbudsjett 2015 | Budsjett per mars | Rekneskap per mars | Avvik per mars |
|---|---|---|---|---|---|
| **MN-felles** | 3 inntekter | -709 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 6-7 adk. | 709 000 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt MN-felles** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for informatikk** | 3 inntekter | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Totalt Institutt for informatikk** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for fysikk og teknologi** | 3 inntekter | -1 141 000 | -304 500 | -134 500 | -170 000 |
| | 5 lønn | 581 000 | 159 000 | 96 071 | 62 929 |
| | 6-7 adk. | 330 000 | 82 500 | 0 | 82 500 |
| | 8-9 annet | 230 000 | 63 000 | 38 429 | 24 571 |
| **Totalt Institutt for fysikk og teknologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Molekylæbiologisk institutt** | 3 inntekter | -75 000 | -15 000 | -17 687 | 2 687 |
| | 6-7 adk. | 75 000 | 15 000 | 15 145 | -145 |
| | 8-9 annet | 0 | 0 | 2 542 | -2 542 |
| **Totalt Molekylærbiologisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Geofysisk institutt** | 3 inntekter | -253 000 | -63 000 | 0 | -63 000 |
| | 6-7 adk. | 253 000 | 63 000 | 0 | 63 000 |
| **Totalt Geofysisk institutt** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for geovitenskap** | 3 inntekter | -41 000 | 0 | -3 651 | 3 651 |
| | 5 lønn | 28 000 | 0 | 0 | 0 |
| | 6-7 adk. | 2 000 | 0 | 9 901 | -9 901 |
| | 8-9 annet | 11 000 | 0 | -6 250 | 6 250 |
| **Totalt Institutt for geovitenskap** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Institutt for biologi** | 3 inntekter | -2 281 000 | -444 700 | -177 370 | -267 330 |
| | 5 lønn | 0 | 0 | 698 | -698 |
| | 6-7 adk. | 2 281 000 | 444 700 | 152 733 | 291 967 |
| | 8-9 annet | 0 | 0 | 23 939 | -23 939 |
| **Totalt Institutt for biologi** | | **0** | **0** | **0** | **0** |
| **Total sum** | | **0** | **0** | **0** | **0** |